

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 16.09.19

Til stades: Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvinen, Anita Haugen, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Helin Morel

Sak 18/19: Ulike saker frå Solveig Marie

a) Lokallagsutsending

Korleis snu flyttestraumen blir ei sak i 2020 der ein kan arrangera temamøte ogeller utfordra politikarar Me kan m.a. ha fokus på mat saman med Bondelaget, slik me gjorde då Sirdalsmat vart starta opp, men det vert opp til det nye styret.

b) Inspirasjonsseminar i Trondheim

Fristen har gått ut, men SBK dekkjer seminarutgifter for maks fem (5) deltakarar, som må betala reisa sjølv.

c) Arbeidsgruppe

Solveig Marie har vore med i ei arbeidsgruppe som har revidert organisasjonshandboka. Det er mange endringar, og Solveig Marie har skrive om resolusjonsskriving. Endringar i vedtektene må opp på årsmøtet, så førebels finst den nyaste utgåva av handboka berre elektronisk, men ho vil òg bli trykt når vedtektsendringar er vedtekne.

d) Årsmelding NBK

Det blir sendt ut årsmelding kvart år saman med lokallagsutsendinga, og Solveig Marie har årsmeldinga for 2018 om nokon vil lesa papirutgåva. Elles finn ein det på NBK si heimeside.

e) Organisasjonskurs RBK 22.-23. november 2019

RK har slått saman leiarkurs og inspirasjonskurs, og neste periode vert det 22.-23. november på Sandnes/Forus. er vert det m.a. foredrag v/Unge kokker, og leiar Ellen Krageberg eller generalsekretæren kjem truleg. Dette blir for det nye styret, men Solveig Marie melder på min. to styremedlem.

Sak 19/19: Søknad frå lesesirkelen

Åse-Berit har spurt om det er mogleg å få støtte til å reisa på forfattarmøte eller teater for lesesirkelen. Dei har plan om å gå på ein kveld med Tore Renberg der billetten kostar kr. 345,-. Dette vert støtta, og det bør tas opp på årsmøtet om lesesirkelen bør få ein fast sum til slike aktivitetar.

Sak 20/19: Bli kjend i bygda - tidlegare aktivitetar

Fellesturane på Tonstad og Øksendal gjekk ut, og elles har det variert med oppmøte;

Ousdal: Ni (9) personar inkludert ei skulejente

Tjørhom: Topptur med tre (3) personar

Fidjeland: Kulturtur for fem (5) personar inkludert ei litt større skulejente

Totland: Historisk tur for fire (4) personar

Den siste turen denne sesongen blir på Virak. Me må bli flinkare til å inkludera nye landskvinner, slik som på første turen!

Sak 21/19: Aktivitetar framover

a) Sykveld ved Monica Herredsvela

Ti (10) deltakarar har meldt seg på, der tre (3) er elevar frå Sinnes skule som har design og redesign som valfag, og Anita sender faktura til skulen. Tone bakar kake og takkar Anette Grønning for lån av husvære med boka *Kjøkkenhagen* av Margunn Ueland.

b) TV-aksjonen 20. oktober

Solveig Marie oppfordrar til deltaking på FB.

c) Refleksjakta 29. oktober

Sidan det er endringar på bygdetunet, kan refleksjakta vera på Kvævemoen kapell, grendehuset Tjørhom eller Sinnes skule og Gamle Neseveg. Solveig Marie sjekkar med Ingeborg Selma (lokalt) og 0-visjonen i fylket om nokon av dei vil vera med.

Sak 22/19: Nye innbuarar

Åse-Berit besøker Line og Ståle Granberg (Børge/Myraleitet), Helene Trydal og Per Aslak Handeland og Heidi Løyland og Åge Haugen.

Sak 23/19: Årsmøte m/vinsmaking v/Solveig Marie og Tone

25. oktober kolliderer med historielaget og venner venners fest på hotellet, så me flyttar til 8. eller 15. november sidan me vil ha vinsmaking v/Renate Albrigtsen. Solveig Marie sjekkar.

Åse-Berit informerer May Britt og Karine i valkomiteen. Det er berre Solveig Marie og Helin som ikkje er på val.

Sakslista må ut i god tid, og der bør ein bytta om på pkt. 6 og 7, innkomne saker og forslag til aktivitetar. Saker til nytt pkt. 6 er basaren og tilskot til lesesirkelen.

Me kom fram til at me kan ha ei 20-årsmarkering med kake i samband med årsmøtet, og så får me heller feira 25 år gundigare.

Nytt møte: 8. oktober kl. 18.30 på personalrommet Sinnes skule
Sak: Førebu årsmøte m/20-årsmarkering